



Ostereidet Kro AS
Eidavegen 532
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/4848

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
21.02.2017

Etterlyser status på installering av ny fettutskiljar - gbnr 234/68, Ostereidet

Teknisk drift etterlyser status på installering av ny fettutskiljar – gbnr 234/68, Ostereidet Kro. Nytt anlegg skulle ha vore på plass **15.11.2016**. Teknisk drift, VVA, kan ikkje sjå å ha motteke ferdigmelding for nytt anlegg.

Tømmeoperatør har, i årsrapport for 2016, informert Lindås kommune om at dei ikkje har fått tømt anlegg slik dei skal. Tømmeoperatør grunngir manglande tømning med at Ostereidet Kro ikkje ville ha tømning av anlegg fordi nytt anlegg skulle installerast. Teknisk drift gjer merksam på at eksisterande anlegg **skal** driftes som normalt inntil nytt anlegg er på plass. Rapportering for driftsår - 2016 er mangelfull og vert difor ikkje godkjent. Gode tømme- og vedlikehaldsrutiner hos bedrifter reduserer kommunen sitt behov for å føre tilsyn med anlegg.

På bakgrunn av årsrapport for 2016 og etterlysing av status – installering av nytt anlegg, ser vi at det er behov for å utføre tilsyn av anlegg ved Ostereidet Kro. Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak - varsel om tilsyn.

Teknisk drift anser dette brev som eit førehandsvarsel iht forvatningsloven § 16.

Teknisk drift, VVA, har heimel til å føre tilsyn med anlegg etter forureiningsforskrifta § 15A-2, «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og i enkeltvedtak (løyve til å knytte utskiljaranlegg til kommunalt leidningsnett). Kommunen skal, ved krav om årleg rapportering av anlegg og ved utføring av tilsyn, påse at bedriftene følgjer dei føresegnene som er gitt etter forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune og i enkeltvedtak for utskiljaranlegg.



Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ostereidet Kro AS

Eidavegen 532 5993

OSTEREIDET